

HMED2101 – SENSORRETTEIING – EKSAMEN 18. DESEMBER 2020

1) *Gi ein kort omtale av den studietypen som er nytta her.*

- a) Case-control-studie, gjerne også noko om designet, jf. figur 5.1 på side 80 i Thelle.
- b) Ei «kvalitetsvurdering» av studien, jf. Strobe kap. 18 i Thelle vil styrkja svaret.
- c) Svaret her bør sjåast i samanheng med svaret på 2) og 4).

2) *Gjer greie for fordelar og ulemper med den studietypen som forskerane har vald i denne undersøkinga.*

- a) Dess meir av det som står i avsnitta 5.2 og 5.3 (Thelle) som er med her er bra.
- b) Men det bør vera korte forklåringar og ikkje berre oppramsing av punkt.

3) *Gjer greie for kva mål for eksponering (exposure) og utfall (outcome) som blir brukte som grunnlag for analysen.*

- a) Outcome: Artikkelen side 2. Cases: Overleving < 90 dg (3 mnd). Controls: Overleving > 6 mnd., men < 3 år.
- b) Eksponering: Viktigast med tanke på konklusjon i abstract, er demografiske variablar som surrogat for sosial isolasjon, men også livsstil, helseåtfærd, legesøking og komorbiditet bør nemnast for å klatra oppover på skalaen.

4) *Gi di tolking av funna i denne undersøkinga med utgangspunkt i den korte omtalen av resultat (results) som du finn i abstraktet?*

- a) Sosial isolasjon ligg klårt i dagen, så åleine er ikkje så imponerande å få det fram. Men ei kort drøfting av statistisk samvariasjon med grunnlag i OR (Thelle s. 67), og ei god kopling til kriteria for kausalitet, må forventast, jf. Thelle kap. 11 (f.eks. s. 188). Dersom nokon også får med noko om confounding eller andre former for bias, er det fint.

5) *Gi ei kort vurdering av om desse funna kan ha noko å seia for oppfølginga av personar som har fått livsførsla si avgrensa på grunn av koronapandemien, f.eks. pasientar på sjukeheimar og personar som er i karantene eller isolasjon.*

- a) Her vil eg venta litt drøfting av sosial isolering som allment fenomen.
- b) Og helst ein viss refleksjon om at resultatata her ikkje er noko som umiddelbart kan overførast, jf. komplekst design med mange mulige bias, og det som også forfattarane sjølve seier om at ytterlegare studiar må til. Men kanskje eit tilsvarande design kan kanskje med fordel nyttast (gir eit visst samanlikningsgrunnlag)??